

Pressemelding 5. januar 2022

Vaksinering i Mongstadhallen 10. januar

10. januar blir det vaksinering i Mongstadhallen. Vaksineringa er eit samarbeid mellom Alver kommune, Forsvaret og Equinor.

Måndag er tilsette og underleverandørar i Mongstad-området inviterte til vaksinering i Mongstadhallen. Vaksineringa vi vere open frå klokka halv ti på morgonen og til klokka halv ni på kvelden.

– Vi gjer dette for å nå fleire i ein travel kvardag, og for å gjere det så enkelt som mogleg å ta vaksinedose ein, to og tre, seier ordførar Sara Hamre Sekkingstad.

Forsvaret deltar

Forsvaret har stilt mannskap til disposisjon etter ei oppmoding frå sentrale myndigheiter. Alver kommune valde å nytte seg av tilbodet og kontakta Equinor, som også var positiv å bidra til flest mogleg stikk.

– Det er mange som arbeider i dette området. Vi håper at enklare tilgang på vaksinen, vil bidra til at enno fleire vaksinerer seg med dose ein, to eller tre. Vi håpar at også utanlandske arbeidarar vil nytte seg av tilbodet, seier kommuneoverlege i Alver, Terese Folgerø.

Timebestilling eller drop-in

Dei som vil nytte seg av tilbodet kan bestille time i Helseboka, som er den digitale bestillingssystemet til Alver kommune. Det går også an å komme på drop-in, utan å ha bestilt time på førehand.

Det vert vaksinert med Modena og Pfizer.

Også innbyggjarar som bur i området kan nytte seg av tilbodet.

Kontaktpersonar:

- **Alver kommune**
Sara Hamre Sekkingstad, ordførar
Telefon: 45 60 74 74
- **Equinor**
Benedikte Fanebust Søreide, kommunikasjonsleiar
Telefon: 98 69 84 86